

SUNNMØRE BAARELAG

- pressemelding -

Sunnmøre Baarelag vart starta i 1980, gav ut si første singelplate i 1983 og er framleis gjengangarar på NRK radio! Bandet som levde ut rockemyten rundt om på Vestlandet i dei gode gamle 80- og 90-åra er med andre ord framleis "live and kicking". Ein god del år eldre, men fulle av erfaringar frå ei rad oppturar og nedturar.

På åttitalet fekk dei beskjed om at dei var for gamle til å kome på TV. Samstundes fekk dei likevel vite at dei i 1987 var det mest spela norskspråklege bandet i NRK. På Nittitalet laga dei ein song som er spela kvar einaste veke på NRK - i mykje over tjue år. Mange av dei mest kjende banda og artistane frå Nordvestlandet nemner Sunnmøre Baarelag mellom sine inspirasjonskjelder.

Og i 2016 kom bandet sin 4. musikkproduksjon. Med solide bidrag frå alle i bandet er låtsamlinga «Ei til» tilgjengeleg på CD og på streamingtenestene. Låtane vart innspela i Kyrre sitt studio, med god hjelp frå Svein Erik Åmås i Audiofarm i Ørsta. Yngve Leidulv Sætre gjorde proft sluttarbeid i Duper studio Bergen. Som vanleg med tekstar på ramsalt sunnmørsk og med ekte kjærleik til musikken.

I løpet av alle desse åra har bandet halde mykje over 2000 konsertar og opptredenar av ulikt slag. Det seiest også at medlemmene (nesten) aldri har krangla. Det kan nok vere noko i desse rykta, for Sunnmøre Baarelag har ikkje gitt seg.

I 2020 feira bandet 40 år på scena, noko som i seg sjølv er nokså eineståande i norsk musikkliv.

Under pandemien vart det produsert ein jubileumsvideo innspelt på Trandal med mykje humor og musikk. Den finn du på YouTube her: [Sunnmøre Baarelag 40 år](#)

40 år er lang tid, men gjev tydelege lovnader om ei musikalsk reise som mange kjenner seg att i.

2026 vart året då det endeleg kom ny musikk frå Baarelaget igjen. To nye låtar: Idiot lansert våren-26 og Målet vårt lansert hausten-26 markerer tydeleg at karane framleis er topp trimma etter mange år og mykje speling - i Sunnmøre Baarelag og i andre prosjekt.

Ikkje vent, snart kjem dei til ein stad nær deg. Dette vil du ikkje gå glipp av!

Bandet:

Kyrre Grimstad: Vok/gitar

Kjell Rune Klubbenes: Gitar/vok

Arne Moe: Bass/vok

Frode Sundnes: Trommer

Totto Nilsen: Bluesharp

+ musikarar på live konsertar:

Bottolf Lødemel: Tangentar

Maria Hovdenakk: Kor

Christoffer Jensen: Kor



SUNNMØRE BAARELAG

- | | | |
|------|-------------|--|
| 1980 | | Oppstart |
| 1983 | Singel | Blide Mannj / Ola Normal
Innspelt i Nidaros Studio, Trondheim
Mix: Rune Nordahl |
| 1986 | LP/MC | Kjekke Kara'
Innspelt i Nidaros Studio, Trondheim
Produsent: Åge Aleksandersen
Teknikar: Roger Valstad |
| 1987 | Singel | Med Gitar / Johnny
Innspelt i Sigma Studio, Bergen
Teknikar/Produsent: Yngve Leidulv Sætre |
| 1991 | LP/MC/CD | Herifrå
Innspelt i Mørelvd Studio, Volda
Teknikarar: Per Arne Bjørkedal, Martin Foldal
Mix: Yngve Leidulv Sætre |
| 2000 | CD | Knall
Innspelt i Cigar Studio og Audiofarm, Ørsta
Teknikar: Martin Foldal og Svein Erik Åmås
Mix: Yngve Leidulv Sætre, Duper Studio Bergen |
| 2003 | CD | Kjekke Kara' + Blide Manjj og Johnny |
| 2007 | CD | Minst like bra (samle-CD) |
| 2016 | CD | Ei til
Innspelt i Cigar Studio, Ørsta
Mix: Yngve Leidulv Sætre, Duper Studio Bergen |
| 2026 | Dig. singel | Idiot + Målet vårt
Innspelt i Cigar Studio og Støylen Studio Ørsta
Teknikk: Kyrre Grimstad og Bottolf Lødemel |

